



Det var i denne svingen bussen skubba langs autovernet

Ein bussjåfør fekk eit akutt illebefinnande i svingen før Eidsvik Skipsbyggeri litt før klokka 8 i dag.

Bussen skubba langs autovernet og noko av karosseriet vart reve av men skadane vart ikkje store og ingen av passasjerane kom til skade. Bussen, som var ein skulebuss, var på veg mot Husnes då hendinga fann stad.



[Bussen vart ikkje nevneverdig skada. Her er han parkert på vegen ned til Børnes](#)

Sjåføren vart henta med ambulans og køyrt til sjukehuset på Stord.

Han er i god form, får uskedalen.no opplyst.

Til alt hell kom ein annan Tide-buss like bak.

Sjåføren på den kom raskt til og fekk

kontroll over situasjonen, opplysar driftsleiar ved Tide Buss Kvinnherad

Atle Jarle Bauge til Kvinnheringen.

Ein del bussreisande måtte venta opptil 25 minuttar på grunn av uhellet.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen